

Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland 22 august 2017.

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland.

Møtetype: Styremøte.

Deltakarar: Eva Bjelland, Siw Gjesdal, Hans Hodne, Ketil Simonsen, Rut Salte. Aina Sunde Dahl på telefon.

Sak ein: Referat frå forrige møte: Godkjent. Som kommentar var at kasserar framleis treng å få skikkeleg oversikt over kursdeltakarar. Herunder lydighetskurset som har vært; jaktanlegg og apportprøvar, og klyppekurset. Bente vil få tilgang på drop boksen.

Sak to: Treningplassen. Det er laga eit utkast til leigeavtale. Bruk og betaling: Det bør settast opp ein kalender, der ein kan booka treningstider. Det vil verta to dagar med agility i veka. Lydighetskurset kjem og til å gå her, på torsdagar. Me går inn for halvårsbetaling for bruk av området. Kr. 300 for klubbmedlemmer, og kr. 400 for ikkje medlem. Regler for bruk av området må begynnes på, i samarbeid med Rita. Det vert og ny dugnad den 19. september kl. 1800. Grunder, lys, klypping av gras, vil vera aktuelle oppgåver.

Sak tri: Familiedag. Invitera/dela på facebook, for å få fram arrangementet. Styret møter kl.1100, hugs kaffi. Ellers er oppgåver fordelt, og alt bør vera klart.

Sak fire: Jaktanleggs, og apportprøvar. Hans skaffer nå ender rimeleg. 9 påmeldte på jaktanleggsprøve, og 4 på apportprøve. Hans tek med ved, grill, og dommargåve. Folk kan ta med grillmat.(Bål) Hans sender ut PM. Oppmøte kl. 0830. NKK representant, og prøveleiar: Hans og Eva. Ha med nokre eingongskoppar, og kaffi, nokon kjem og med kake. Sløyfer og koppar, 11stk.(Siw) Tor Magne har kritikkskjemaer.

Sak fem: Utstilling. Utstillingskimoteen har orden på det meste. Styret held kiosk. Aina lagar katalog, Hans tek oppgåva som utstillingsleiar. Hugseliste gått igjennom, og oppgåver fordelt. Aina har premiekorta.

Sak seks: Ellers.... Jakttreninger: Hans, Aina, Sylvelin (Tor Magne) planlegger.

Blodsporkurs: Må ut på facebook. Aina får hjelp av Bente. To påmeldte så langt.

Jaktprøvar i Ølen: Det er laga planleggingsside, der og Hans er med.

Agilitykurs må inn på aktivitetslista.

Forslag frå NKK med nye blodsporreklar. Aina og Sylvelin skriv nokre kommentarar, som me får gå igjennom, og gje tilbakemelding til NKK:

Lydighetskurs startar torsdag 7. September. Fem påmeldte så langt.

Neste møte etter planen 17 oktober.